

Kapittel 5:

1990–2007 Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Nils Aarsæther og Torill Nyseth, med bidrag frå Svein Jentoft

Ved inngangen til 1990-åra opplever universitet over heile landet ein enorm vekst i studenttalet. Ved Universitetet i Tromsø stig studenttalet frå 2400 i 1987 til 5400 i 1992 (Fulsås 1993:170). Bakgrunnen er ikkje så hyggeleg å tenke på – det er blitt stor arbeidsløyse på landsbasis, og det fører til at ein større andel av ungdomskulla søker seg til høgre utdanning¹.

Dette kapittelet tar for seg perioden frå 1990 til 2007, og overskrifta «tverrfagleg konsolidering» er valt for vise at utdanninga gjennom denne perioden markerte seg godt, no som det einaste tverrfaglege utdanningsløpet i samfunnsfag ved ISV. Epoken blir runda av med utgivinga av boka *I disiplinenes grenseland* (Nyseth mfl. red.) i 2007. Dette er ein antologi der forfattarane drøftar ulike sider ved tverrfagleg samfunnsvitenskap, og boka er tileigna professor og instituttleiar Nils Aarsæther, som dette året fyller 60 år.

Perioden 1990 – 2007 er først og fremst prega av ekspansjonen i høgre grads kandidatar. Det dreier seg om hovudfagsstudiet, der studentane både viser faglege ferdigheiter og bidrar til kunnskapsdanninga om samfunnsforhold regionalt, nasjonalt – men også internasjonalt. Siste hovudfagskandidat tar eksamen i 2007, etter at høgre grad er blitt omgjort til «Mastergrad». Kunnskapsdanninga blir også styrka ved at langt fleire gjennomfører doktorgrad med spesialisering i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning.

¹ Arbeidsløysa steig frå 2 % i 1987 til 6 % i 1994, jf. *Fakta om arbeidslivet*, ssb.no

<https://doi.org/7557/7.7875> Aarsæther, N., Nyseth, T., Jentoft, S.: 1990–2007 Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus. I Aarsæther, N, (red.): Samfunnsplanlegging gjennom 50 år. Septentrio Reports 2 (2024).

© 2024 The author(s). This is an Open Access publication distributed under the terms of the [Creative Commons Attribution 4.0 International License](https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/).

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Tida kring århundre -og årtusenskiftet er prega av globalisering og byvekst, også i Nord-Norge. Tromsø, Bodø og Alta står aleine for heile befolkningsveksten i landsdelen, mens nesten alle distriktskommunar opplever nedgang i befolkningstala (Aarsæther & Nyseth 2011: 58). Ei utdanning som frå starten av har sitt fokus på ressursbaserte næringer, lokalsamfunn og distriktskommunar rettar etter kvart sitt fokus mot bysamfunnet sine utfordringar. Dette blir litt av ei omstilling i eit fagmiljø som i Ottar Brox sin «ånd» hadde hatt eit sterkt engasjement for det rurale, men det viser seg at ideen om lokalsamfunn, lokal kunnskap, deltaking/mobilisering og styring nedanfrå-og-opp lar seg anvende også på studiar av bymiljø og byvekst.

På same måte som med den urbane vendinga, lar den miljøpolitiske vendinga på 1990-talet seg foreine med det faglege innhaldet i denne tverrfaglege utdanninga. Fokus på korleis naturgrunnlaget kan forvaltast i eit generasjonsperspektiv har heile tida stått sentralt eller vore implisitt – i undervisning, på feltkurs og oppgåveskriving, noko som også er markert ved at ein av Ottar Brox sine mest kjente artiklar har tittelen «Økologisk og regional balanse» (Brox 1971/1973).

Styrka fagmiljø – og eige institutt (1997-2008)

Ved inngangen til 1990-talet er fagmiljøet blitt styrka. Svein Jentoft var allereie mot slutten av 1980-talet blitt professor i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning – opphavleg i Ottar Brox sitt professorat. Han kom frå ei stilling ved Norges Fiskerihøgskole, og kom til å arbeide ved samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning i 15 år, med nærings- og fiskerierorganisering som viktige tema. I 2003 blei han kalla 'tilbake', til eit professorat ved Norges Fiskerihøgskole.

I 1990 slutta Jan Einar Reiersen. Han fekk leiarstilling ved NORUT Samfunnsforskning. Reiersen hadde saman med Nils Aarsæther bygd opp utdanninga frå 1974 av, og han hadde særleg tatt seg av undervisning og rettleiing innan regional utvikling og næringsutvikling. Så, i tur og orden blei utdanninga styrka ved tilsetning av Ragnar Nilsen (næringsutvikling), Inger Altern (kultur- og lokalsamfunnsforskning), Halldis Valestrand (kulturgeografi), Siri Gerrard (lokalsamfunn/fiskeri), Torill Nyseth (planlegging, byforskning), og Anniken Førde (næring/kultur). Tilførselen av nye førsteamanuensar hadde sin bakgrunn i at Jon Gulowsen og Sidsel Saugestad slutta. Og ved sidan av dei fast tilsette var det ei rekkje stipendiatar og undervisningsvikarar tilsett i

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

delar av denne perioden.² Gjennom stort sett heile perioden kunne utdanninga basere seg på sju faste, vitenskaplege stillingar. Kompetansemessig var staben godt balansert mellom felte planlegging/offentleg sektor, næringsutvikling og lokalsamfunn/kulturstudier. Også kjønnsmessig var det også blitt ein god balanse i staben.

Det var etter kvart blitt stor plassmangel ved ISV-bygget i Breivika. Fleire av fagseksjonane måtte flytte til nabobygget Breiviklia, og etter loddtrekking flytta samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning dit, og kom saman med filosofi, historie og arkeologi. Hovudfagsstudentane fekk også sine lesesalsplassar i dette bygget, så internt blei det ein god integrasjon lærar/student, og det blei innført felles fredagskaffi. Men den daglege omgangen med kollegaer frå andre samfunnsfag blei svekt, og det kunne nok føre til at miljøet sosialt sett blei ein tanke isolert, og internt sett, kanskje i tettaste laget.

Det blei gjennomført ein organisasjonsreform ved Universitetet i Tromsø på 1990-talet. Storinstitutta med sine fagseksjonar blei erstatta av fakultet, med underliggande institutt. Men sjølv om det «nye» Samfunnsvitenskaplege Fakultet omtalte sine underliggande institutt som «disiplinære» einingar, førte endringa til at det i 1997 blei oppretta eit «Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning», med eigen administrasjon (1 person) og med adresse Breiviklia. Som instituttleiar blei Nils Aarsæther tilsett.

Hovudfaget: Ei eventyrleg utvikling

Frå dei føregåande kapitla såg vi at det på 1970-talet blei det uteksaminert 7 høgeregrads kandidatar, tilsvarande 1 kandidat per år. På 1980-talet var det 33 som fullførte høgeregrads eksamen, dvs. 3 i året. Men i perioden 1990-2007 blei det uteksaminert 186 kandidatar, og «outputen» var dermed blitt tredobla, til omlag 10 i året. Og det var registrert svært mange studentar på hovudfaget, midt på 1990-talet kunne det årleg vere registrert opp mot 80

² Vibeke Vågenes, Peter Arbo, Arild Buanes, Toril Ringholm, Britt Kramvig, Asbjørg Fyhn, Inger-Elin Øye, Geir Runar Karlsen, Ivan Kristoffersen, Marit Aure, Percy Oware, Jens Halfdan Mosli, Anne Grethe Flakstad, Frank Larsen, Margaretha Dahström, Allan Dreyer Hansen, Jørgen Ole Bærenholdt – og sikkert fleire. I professor II-stillingar virka Jan-Evert Nilsson, Ottar Brox og Anthony Davis.

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

hovudfagsstudentar³. Dette svært høge talet avslører eit betydeleg bortfall, sett i forhold til den årlege «produksjonen» - men uansett utgjorde studentar som ikkje fullførte eit betydeleg press på rettleiingsressursane.

Ved å gå gjennom årsmeldingar frå ISV og seinare frå SV-fakultetet kan vi danne oss eit inntrykk av kva studentane skreiv om i sine avhandlingar. Som det går fram av kapitelet om 1980-talet, har det ikkje vore enkelt å sortere hovudoppgåvene i dei tre kategoriane «Planlegging/offentleg sektor», «Næringsutvikling» og «Lokalsamfunn/kultur». Studentane tok med seg signala frå undervisning og rettleiing om å gå på tvers av faggrensar når det er behov for det, og dei har også sett verdien av det tverrfaglege når dei har nærma seg empirien. Spesielt samspelet og spenningar mellom det formelle systemet (kommunale og statlege innsatsar) og nedslagsfeltet, representert ved bedriftsliv og lokalt liv, har vore framme og blitt kompetent turnert, i mange av hovudfagsarbeida.

Teori om det formelle må ein hente frå politisk analyse, rettsvitenskap, policy-analyse og organisasjonsteori, mens teori om nedslagsfeltet bygger på begrep frå sosialantropologi, samfunnsgeografi og sosiologi (samhandling, relasjonar, nettverk, entreprenørskap – men også om demografiske strukturar, kultur, klasse og ulikskap). Og det heile er innramma av begrep om naturmiljøet, terrenget og territorialiteten⁴.

Å lage eit fag og ei utdanning ut av desse samanhengane har eigentleg vore ei «enkel» oppgåve, i den grad «enkel» blir forstått som «innlysande og naudsynt»: Uformelt sosialt liv, næringsliv, organisasjonsliv og politikk/offentleg forvaltning er samanvevd, og ein oppnår dei beste faglege resultat - og får grunnlag for å utføre den beste planlegginga - om ein erkjenner dette som utgangspunktet for samfunnsfagleg analyse.

Komponentane som inngår her blir rett nok best belyst gjennom disiplinfag, men det er ikkje alltid enkelt å «hente inn» eit spesialisert teori- og litteraturtilfang frå disiplinfaga: Måten eit saksforhold blir framstilt på i eit disiplinfag ber ofte med seg ein metabodskap om faget sin tilstrekkelegheit:

³ Ifølge *Årsrapport 1997 frå Det samfunnsvitenskapelige fakultet*, side 58, var det i 1997 registrert 89 hovudfagsstudentar ved Institutt for planlegging og lokalsamfunnsforskning.

⁴ “Territorialitet” er behandla bl.a. i Aarsæther 2022:152.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Svært få statsvitenskaplege studiar rår lesaren til i tillegg å sette seg inn i sosial-antropologi for å skjønne maktspelet. Og svært få antropologiske studiar rår lesaren til å lese statsvitenskap for å forstå korfor folk lokalt ikkje når fram med sine krav. At det i «mainstream» samfunnsvitenskap er få eller ingen opningar for å søke utfyllande kunnskap gjennom å sette seg inn i andre fag, er noko som «våre» studentar har fått merke.

Mange av hovudoppgåvene i samfunnsplanlegging legg seg i skjæringspunktet mellom to eller alle tre av dei nemnde fagtradisjonane, ofte med breidde i teori og litteraturtilfang. Ved ein gjennomgang av titlane har det stort sett vore ei overkomeleg oppgåve å identifisere eit tematisk og fagleg tyngdepunkt ved den enkelte avhandling. Perioden 1990-2007 er lang, og i det følgjande er gjennomgangen av titlar delt mellom dei 107 første oppgåvene, og dei etterfølgjande 79.

Tabell 5.1 Hovudoppgåver 1990-2007. Fordeling av tematiske tyngdepunkt. Forfattarar sine vurderingar.

Tema / Periode	1990 – 2000	2001 – 2007	1990 – 2007
Offentleg sektor/planlegging	38	31	69
Næringsutvikling	37	13	50
Lokalsamfunn, daglegliv	32	25	57

Kjelde: Studentregister, tilrettelagd av rådgivar Lena Bogstrand, februar 2024.

Stort nærare ei likefordeling er det vanskeleg å kome. Offentleg sektor-temaet har flest titlar i begge periodar, men næring pluss lokalsamfunn er samla sett betydeleg større. Samanlikna med fordelinga av dei 33 oppgåvene på 1980-talet er det blitt ein klart større andel som no skriv seg inn mot lokalsamfunn, daglegliv og kultur-tema. Dominansen av tema henta frå offentleg sektor, som vi såg på 1980-talet, er blitt svekka. Denne dreininga kan nok settast i samanheng med at utdanninga gjennom 1990-talet har rekruttert nytt fagpersonale med forskingskompetanse på næring (Svein Jentoft, Ragnar Nilsen), på sosialt liv (Inger Altern), eller på kombinasjonen næring/lokalt liv (Siri Gerrard, Anniken Førde). Nils Aarsæther (professor frå 1993, tidlegare amanuensis) var lenge aleine om å undervise og drive rettleiing på temaet offentleg sektor/planlegging. Først mot slutten av 1990-

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

talet blei Torill Nyseth tilsett i fast stilling, med kompetanse på planlegging/byutvikling.

Så er det eit stort paradoks: Av dei 186 oppgåvene i perioden er det berre to som i tittelen rettar seg inn mot offentleg planlegging. Først i 2001 finn vi ei hovudoppgåve der ordet «planlegging» førekjem. Det er Kjersti Morseth Hansen si oppgåve «Medvirkning i lokale planprosesser. En case-studie av samordnet areal-og transportplanlegging i Kongsberg kommune med fokus på medvirkning» (rettleiar var Torill Nyseth). Og i 2006 kjem neste oppgåve med eit tydeleg planfokus, det er Ronny Kristiansen som skriv om «Delta-kelse, dialog og dominans – En kritisk undersøkelse av planteori og -praksis» (også med Torill Nyseth som rettleiar). Dei fleste oppgåvene som rettar seg inn mot offentleg sektor handlar om kommunale innsatsar/politikkområde og kommunal organisering.

Paradokset kan uttrykkast slik, spissformulert: Ved planleggarutdanninga ved Universitetet i Tromsø er det på 1990-talet berre ein av hundre studentar som har fokus på planlegging i hovudoppgåva si.

Blant dei mange som blei tatt opp på hovudfaget var det ei blanding av eigenproduserte studentar som kom frå storfaget, men også ein god del frå andre universitet, eller frå disiplinlag ved Universitetet i Tromsø. Men i fagmiljøet hadde vi den oppfatninga at det skulle vere mogleg å nå enda breiare ut med vårt «unike» hovudfagstilbod. Både regionalt, utanfor Troms, og nasjonalt kunne det vere interesse for å studere hovudfaget, utan å måtte flytte til Tromsø. Ut frå ei slik tenking sette fagmiljøet i gang to eksterne hovudfagsopplegg:

Det eine var regionalt innretta. Siri Gerrard, tilsett i 1996, tok initiativ til å organisere eit distanseopplegg for potensielle studentar som budde i Lofoten og Vesterålen. Det meldte seg nærare 10 studentar til dette opplegget, som omfatta samlingar både i Lofoten/Vesterålen og i Tromsø. Her nådde vi ut til ei gruppe vaksne studentar med ulik yrkeserfaring, som dels hadde behov for å fullføre ei utdanning, eller som hadde behov for fagleg påfyll og utvikling i jobben. Fleire av dei var i arbeid ved vidaregåande skolar i dei to regionane, og ved å knytte dei til studiet i samfunnsplanlegging rekna vi også med ein langsiktig rekrutteringseffekt.

Det andre tilbodet var meir formalisert, og kom som eit resultat av det nære samarbeidet mellom IPL-folk og den tilsvarande avdelinga ved Høgskolen

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Lillehammer. Lillehammer hadde utvikla eit treårig «diplomstudium» i samfunnsplanlegging (sjå kaittel 8), men det var på lågare grads nivå. Som distriktshøgskole kunne Lillehammer ikkje utan vidare sette i gang med hovudfag, så løysinga blei å tilby Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning hovudfag i regi av Universitetet i Tromsø, men gjennomført med undervisning og rettleiing av fagmiljøet på Lillehammer. Formelt sett blei studentane tatt opp ved, og fekk vitnemål frå, Universitetet i Tromsø. Tilbodet starta i 2000, og 12 studentar blei tatt opp. Også på Lillehammer blei hovudfaget eit tilbod for godt vaksne studentar, og ein del undervisning blei køyrt felles. No var nemleg videoteknologien på plass, og bildeoverføring kunne nyttast både til forelesingar og til rettleiing. Forfatteren huskar ein liten artigheit frå oppstarten med bildeoverføring: «Å, er det slik du ser ut?» kom det spontant frå studenten på Lillehammer.

1990-talet var også det tiåret internasjonalisering og globalisering for alvor slo gjennom. Det kom etter kvart mange studentar frå utlandet og den tredje verda til Universitetet i Tromsø. Mange av dei vidarekomne studentane hadde vitnemål med seg av ein type som gjorde at det ikkje var lett å finne det rette faget for dei. Då var det ikkje så merkeleg at ein god del internasjonale studentar hamna på hovudfaget i Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. IPL hadde glede av å utdanne ei rekkje studentar frå Ghana, men også studentar frå andre afrikanske land. Og ikkje berre blei dei utdanna: To av dei ghanesiske studentane fekk jobb som hhv. undervisningskonsulent (Albert Opambour) og stipendiat (Percy Oware) ved IPL på 1990-talet.

På 1990-talet praktiserte Instituttet fortsatt eit eksamenssystem som var svært studentvenleg, men også svært ressurskrevande. Når ein student meldte frå at hovudoppgåva var ferdig til levering, sette instituttet i gang arbeidet med å arrangere eksamen, med tilreisande ekstern sensor, to interne sensorar, prøveforelesing og muntleg. Med unntak av sommarferien kunne ein student forvente å få avlegge hovudfagseksamen når som helst på året. Så lenge det årleg var ein eller nokre få studentar som tok hovudfagseksamen var dette ei ordning det var mogleg å leve med. Men utover på 1990-talet, når det på eit lite fag som Samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning kunne vere

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

opptil 17 eksamenar⁵, la denne ordninga eit stort press på både fagtilsette og administrasjonen.

Presset på rettleiing og eit krevjande eksamenssystem kunne nesten ta knekken på nokon og einkvar utover på 1990-talet. Ein dag kom det oppgitt frå Svein Jentoft: «Har administrasjonen no funne på at vi skal undervise på Lillehammer også?» - Men det var vi sjølve som hadde funne på dette, aktiviteten på hovudfag gjekk i alle retningar, og med det store volumet var det vanskeleg for den enkelte å ha det fulle overblikket til eikvar tid.



Hausten 1992 feira utdanninga kandidat nr 50, det blei ei delt plassering mellom Geir Tangen og Dagrun Bergli, som har Ottar Brox, her som ekstern sensor, mellom seg. Foto: Nils Aarsæther

⁵ Det var i 2001 17 studentar som tok eksamen i planlegging og lokalsamfunnsforskning, iflg. *Årsrapport 2001 Det samfunnsvitenskapelige fakultet*, Universitet i Tromsø, s. 91-92.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Kunne ein så forvente at noko anna blei utført, enn å sørge for ei forsvarleg gjennomføring av hovudfagsstudiet? Måtte ikkje volumet på hovudfagsdelen av faget nødvendigvis gå utover innsatsen på lågare grad (storfaget, praksisåret, feltkurset), på forskinga og søknadsskriving for å få finansiert eksterne prosjekt, og på den ambisiøse utoverretta verksemda som dei fagtilsette hadde forplikta seg på, slik som årleg Høstseminar, deltaking i etter- og vidareutdanningskurs (inkludert Samplan), og Senter for kommunalforskning? Og spesielt når fagmiljøet ikkje lenger hadde energien til Jan Einar Reiersen å lene seg på i det utoverretta arbeidet?

År 2001 – året for A Space Odyssey – ved instituttet

For å svare på spørsmålet om ekspansjonen og presset på hovudfaget fortrengde andre sider ved fagmiljøet si verksemd kan vi ta for oss situasjonen ved IPL i 2001. Informasjon om aktivitetane er henta frå årsmeldinga for IPL, trykt på side 88-104 i SV-fakultetet si årsmelding for 2001. Dette året er valt fordi fagmiljøet verken før eller seinare har uteksaminert så mange hovudfagsstudentar.

Frå årsmeldinga går det fram at alle dei sju faste stillingane ved instituttet var operative; ingen liten prestasjon i seg sjølv, når ein tenker på kor omfattande den akademiske mobiliteten er. Av økonomiske grunnar var administrasjonen på instituttet blitt redusert til ein konsulent i 60% stilling, og det var Guri Homb Hansen som i 2001 var tilsett i denne stillinga. Ho hadde nettopp gjennomført hovudfaget, med ei avhandling om «Nettverk som strategisk og analytisk verktøy – en studie av samarbeidsrelasjonar i det maritime servicemiljøet i Tromsø». Svein Jentoft var instituttleiar i vårsemesteret, Siri Gerrard i haustsemesteret 2001.

Alle dei 17 hovudfagskandidatane som tok eksamen i 2001 oppnådde karakteren laud (talkarakter 2,5 eller betre, noko som omtrent tilsvarar dagens karakter B eller A). Altså eit kvalitetsmessig svært godt resultat. Alle eksamenar blei vurderte av eksterne sensorar frå andre universitet eller høyskolar. Det blei i 2001 tatt opp 9 studentar på hovudfag i Lillehammer, og forsøket med tovegs bildeoverførte seminar heldt fram. Regionalseminaret blei arrangert annakvar veke, og det som var blitt eit årleg «Skibotnseminar», med evaluering av undervisninga, blei i dette året arrangert på Sommarøy. Finansieringa av dette seminaret var med midlar som IPL hadde fått, ved tildelinga av universitetet sin «Undervisningspris» for år 2000.

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Storfaget hadde ikkje så stor oppslutting, i 2001 var det registrert 15 studentar her, mot 55 på høgre grad. Storfagsstudentane (og nokre hovudfagsstudentar) var med på feltkurset, som i 2001 gjekk til Nord-Tromskommunen Kåfjord. Kåfjord var då, som einaste kommune utanfor Finnmark, blitt innlemma i det samiske språkforvaltningsområdet, og ei sentral problemstilling for feltkurset var å undersøke korleis Kåfjord kommune og lokalsamfunna den omfatta handterte ordninga med tospråklegheit, i eit område som kunne reknast som gjennomført fornorska til langt utpå 1970-talet.⁶

Det var i 2001 få studentar som tok praksisår – ein i Telenor Forskning og ein i Harstad Utviklingsselskap. Men i andre enden av studiet er doktorgradsdelen blitt større, no med 14 registrerte doktorgradsstudentar som deltar på forskingsseminar og eit doktorgradskurs (arrangert i samarbeid med statsvitskap). Og i tillegg blei den fireårige forskarskolen NOLD («Nordic Research in Local Dynamics») etablert, i regi av UNESCO-prosjektet «Circumpolar Coping Processes Project», eit internasjonalt prosjekt som blei drive frå instituttet (1995-2001). I 2001 publiserte dette prosjektet to bøker *The Reflexive North* (Aarsæther & Bærenholdt, red.) og *Transforming the Local* (Bærenholdt & Aarsæther red.), dette var internasjonale antologiar der fleire frå staben har kapittelbidrag.

I 2001 blir også ei oppdatert lærebok i samfunnsplanlegging publisert, *planlegging.no!* (Aarsæther & Hagen red.) Svein Jentoft utgir to bøker i 2001: *Røtter og vinger – kystkulturen i globalsamfunnet* (Orkana forlag) og *Lastet til ripa. Fiskernes rettsstilling i ressursforvaltningen* (medf. Knut Mikalsen, Tapir forlag).

Høstseminaret samla 90 deltakarar i 2001, og temaet er «Den nye regionalpolitikken». Forøvrig er det utoverretta verksemd gjennom vidareutdanninga «SAMPLAN», der instituttet hadde eksamensansvar, samt førebuing av nye EVU-tiltak i 2002 innan planlegging.

Vi kunne tatt med meir av aktivitetar som den enkelte fagperson er involvert i – som deltaking på nasjonale og internasjonale konferansar, styreverv, utgreiingsrapportar, foredrag, artiklar og kronikkar. Ein kuriositet, som ikkje

⁶ Det høyrer med til historia at ein av dei fremste aktivistane bak gjenvinninga av samisk kultur og språk i Kåfjord kommune, Henrik Olsen, hadde bakgrunn som storfagsstudent i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning på 1980-talet.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

er heilt atypisk: Bygdefolk i Øvergård, i Målselv kommune, tok kontakt med IPL då kommunestyret hadde vedtatt å legge ned skolen i bygda. Det var danna ei gruppe som jobba for fortsatt skole, og IPL inviterte gruppa til Breiviklia for ein samtale om bygda si framtid. Skulle bygdefolket prøve å lage ein Steinerskole var spørsmålet. Nei, prøv Montessorri-modellen, svara vi. Montessorriskele blei det, den starta opp i august 2001 med 40 elevar, og med moralsk støtte frå fagmiljøet på IPL.

Oppsummert er 2001 eit år med rekordmange hovudfagskandidatar, utan at denne innsatsen ser ut til å redusere innsatsen i undervisning, utoverretta verksemd eller vitskapleg publisering. Fagmiljøet har funne ein måte å kombinere dei faglege innsatsane på som skaper synergjar. Eit miniinstitutt ser ut til, per 2001, å lukkast med dette dels fordi den tverrfaglege orienteringa opnar for kreativitet, dels fordi dei mange innsatsane bygger på tilsette som jobbar i ein «flat struktur» og der det er eit tett samarbeid mellom dei faglege tilsette og studentane. Men denne idyllen skulle ikkje vare lenge. To år etter har Kvalitetsreforma for høgre utdanning ført til systemendringar som erstattar hovudfag med mastergrad, og som kortar ned utdanninga på lågare grad frå fire til tre år (frå cand.mag.-grad til Bachelor).

Høstseminaret – frå jubileum til nedlegging

Gjennom 1990-talet blir Høstseminaret vidareført som det sentrale knutepunktet mellom academia og det nordnorske samfunnet. Frå 1997 blir Senter for kommunalforskning ein medarrangør, og i 1998 blir Høstseminaret for første gang lagd utanfor Tromsø, i eit samarbeid med Dyrøyseminaret. I 1999 er det jubileum, Høstseminaret blir gjennomført for 25. gang, og jubileet blir markert med eit festskrift, redigert av Trine Holm frå Senter for kommunalforskning og professor Svein Jentoft. I festskriftet, som har tittelen *Talerstolen i Tromsø*, oppsummerer Jan Einar Reiersen 25 års virke, og han peikar på nokre føresetnader for at denne møteplassen kan vidareførast og utviklast: Høstseminaret må ha ein tverrfagleg plattform, utfordre engasjerte forskarar, fange opp aktuelle problemstillingar, legge opp til samarbeid, og sørge for at regionale problemstillingar blir sett inn i ein større kontekst, både nasjonalt og internasjonalt (Reiersen 1999). Det blei gjennomført 17 Høstseminar i perioden. Her følgjer eit skjematisk oversyn over tema:

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

1990	Kyst, næring og miljø	1999	Konsern og kjedemakt – hoved-premisser for regional utvikling?
1991	Nasjonal krise – regionale muligheter? Strategier mot arbeidsledigheten	2000	Kystsonen – potent og presset?
1992	Deltakelse og effektivitet i små og store enheter	2001	Den nye regionalpolitikken – styringsdialog eller maktkonsentrasjon?
1993	Industri og utvikling i Nord-Norge	2002	24-25.10 Tema ukjent, men Einar Niemi, Ivar Østberg, Toril Olsen og Lena Jensen har innlegg
1994	Problemet «positiv planlegging» - utfordringer for samfunnsvitenskapene	2003	Nordnorsk urbanisme
1995	Forskinga si rolle i næringsutvikling i samiske område	2004	Deltaking på Dyrøyseminaret
1996	Samfunnsforskning, media og samfunnsstyring	2005	Brudd og byutvikling - Byutviklingens år
1997	Ny regionalpolitikk-utkantprofilert og sektorovergrepene?	2006	Dyrøyseminaret – det 33. og siste Haustseminaret – og 23.11 Stedsutviklingseminar m. Husbanken
1998	Dyrøyseminaret – Utfordringer og utviklingsstrategier for småkommunene	2007	Høstseminaret er nedlagt. Universitetet i Tromsø lanserer «Arctic Frontiers» - internasjonal, årleg konferanse

Tabell 5.2 Høstseminar 1990–2006

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Her ser vi at Høstseminaret frå 1990 av lever opp til dei høge ambisjonane, med aktuelle tema for landsdelen. 1990 er året etter den store torskekrise og innføring av kvotesystem for kystflåten. Då følgjer Høstseminaret opp med «Kyst, næring, miljø» som tema, og der fagmiljøet kan formidle forskning frå m.a. prosjektet «Man and the Biosphere» som Svein Jentoft leiar. Det er også eit gjennomgåande trekk at når ei norsk regjering kjem med ei ny melding om distrikts- og regionalpolitikken, så blir dette tema for eit Høstseminar, der nasjonale styresmakter ofte kjem i forsvarsposisjon mot skarpskodde debattantar frå nord (Høstseminaret i 1997 og 2001).

Men i IPL si årsmelding for 2001 er det eit litt dystert frampeik: Høstseminaret slit med finansiering. Det er ikkje store summene som må til, for deltakaravgifta dekkjer ein god del. Ëin viss slitasje i fagmiljøet begynner og å gjere seg gjeldande. På kort sikt ser problema til å bli løyste ved at Dyrøyseminaret dukkar opp mot slutten av 1990-talet. Aktivisten Ragnvald Storrø og mangeårig ordførar Rolf Espenes jobbar for å gjere småkommunen Dyrøy (folketal 2023: 1071) til eit sentrum for distriktspolitisk debatt, under slagordet «småkommunenes møtested». IPL innleier eit samarbeid med Dyrøyseminaret, som går annakvart år, og instituttet får ei etterlengta avlastning når det gjeld konferanselogistikk.

I 2005 blir det eit «jubelår» for alternativ byplanlegging i Tromsø. Det som i ettertid er kalt «Byutviklingens år» blir eit omfattande prosjekt der også IPL er involvert, og det dannar ein naturleg plattform for årets Høstseminar. Året etter, i 2006, er det igjen, men for siste gang, eit Høstseminar som blir arrangert i samarbeid med Dyrøyseminaret. Deretter er Høstseminaret blitt historie, etter årlege seminar i 33 år. Samtidig tar Universitetet i Tromsø eit innovativt grep: Seminarkonseptet «Arctic Frontiers» blir lansert, og i 2007 blir dette nye, og langt større, konferanse-flaggskipet arrangert for første gang, i regi av universitetet sentralt. Arctic Frontiers er noko heile anna enn Høstseminaret – det er ein konferanseserie med internasjonalt tilsnitt, som legg seg langt over rådmanns- ordførarnivået, og som blir besøkt av topppolitikarar frå inn- og utland. Også deltakaravgifta signaliserer at denne

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

konferansen er mest for dei utvalde - og ikkje ein arena for den breie offentlege samtalen.⁷

Feltkurset og praksisperioden overlever – men Senter for kommunalforskning blir lagt ned

Avviklinga av Høstseminaret skulle vise seg ikkje å vere eit enkelttilfelle. Alt i 2002 er Senter for kommunalforskning lagt ned, og Regionalseminaret forsvinn etter kvart også frå fagmiljøet sitt utoverretta repertoar. Administrasjonen på SV-fakultetet tok initiativ til å vurdere nedlegging av praksisåret, eit tilbod som frå starten av har vore ein del av utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Ein treårig bachelorgrad skulle no erstatte den fireårige cand.mag.-graden, og var det plass til eit heilt års praksisperiode i den forkorta utdanningsløpet? I IPL sitt instituttstyre var det delte meininger, for det var få studentar som valde praksisåret, og det medførte slik sett ein uforholdsmessig stor ressursbruk. Men med 4 mot 3 stemmar vedtok IPL-styret å oppretthalde praksisordninga, men då ved å nedskalere det frå eit heilt år til eit semesters varighet. Det blei antatt at dette ville auke rekrutteringa, og det nye praksissemesteret, no pynta med tilnamnet «internship» blei akseptert av fakultetet. Dermed oppnådde/r IPL å halde fram med iallfall ein del av den utoverretta sida ved fagtilbodet. Også feltkurset overlevde, litt overraskande, ettersom det kosta ein del økonomisk å gjennomføre, særleg når fagmiljøet kunne velje seg ut fjerntliggende destinasjonar.

Kva er det som skjer? Det kan då ikkje vere maktpåliggande for «landsdelens universitet» å kutte eller redusere mange av dei banda som bind academia og landsdelen saman? Er det systemendringar å gang, med ei sterkare akademisering og stimulering av fagpersonalet til å prioritere internasjonal publisering, og er dette noko som vil fortrenge utoverretta innsats? Eller er forklaringa at kostnadseffektive og sjølvgrodde tiltak av den typen som blei utvikla i fagmiljøet – ein form for amatørisme – no blir erstatta av meir profesjonelle (men meir kostnadskevjuande) ordningar, slik at landsdelskontakten blir halde oppe, men berre i andre former?

⁷ I 2024 har Arctic Frontiers lagt om profilen, ved at det ved sidan av «betalingsdelen» av konferansen blir arrangert ei rekkje mini-seminar på kveldstid, opne og gratis for publikum.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Svaret er vel «både og». Ein viktig bakgrunn for avviklinga av fleire utoverretta ordningar er nasjonale systemendringar i studieordningane ved universitet og høgskolar. Med innføringa av Kvalitetsreforma, som inneber bachelor- og mastergradar (innført i 2003) blir dei akademiske utdanningane no bygd opp av ein serie mindre emne. Med fokus på det enkelte emne sin «poengfangst» i form av inntekter tildelt på grunnlag av avlagde eksamenar, vil emneovergripande tiltak, slike som har vore eit felles ansvar for ei utdanning, bli nedprioritert. Utoverretta tiltak som bind utdanninga som heilskap til region og landsdel vil kome i faresona. Når dette er tiltak som ikkje produserer studiepoeng i form av avlagde eksamenar, blir det noko som ein verken har tid eller råd til å halde oppe – eller vidareutvikle.

Særleg er det grunn til å anta at slike tiltak blir avvikla viss dei har karakter av å vere «heimelaga», for no legg det samla akademiske systemet vekt på standardisering. Eit tenkt eksempel: Tromsø-dekanen som kjem på eit nasjonalt møte om formidling, og som seier «...og så har vi jo Høstseminaret». Tomme blikk frå dei andre, inntil det kjem ein respons: «Mener du Forskningsdagene?».

Så skal vi vedgå at avviklinga av dei «heimelaga», utoverretta ordningane delvis er blitt erstatta av ein meir profesjonell (medie- og kommunikasjonsfagleg) og standardisert formidlingsaktivitet. Her er det nettopp «Forskningsdagene» som er konseptet – ei veke i september der academia opnar seg mot omverda, med ei rekkje innsatsar og ofte med eit overordna tema.

Ein strategi for å behalde utoverretta tiltak har vore å knyte dei til eit bestemt undervisningsemne. Dette var det vanskeleg å gjere med Høstseminaret, med Senter for kommunalforskning, og med Regionalseminaret. Feltkurset hadde tidlegare overlevd ved at det var gjort til ein studieplanfesta del av storfaget i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning. Ved innføring av dei nye gradane blei det igjen berga, ved at det blei gjort til ein obligatorisk del av undervisninga på bacheloremnet SPL 2001, *Regional Analyse*. Inga ideell løysing, for ideen med feltkurset var jo at kunnskap frå ei rekkje delemne skulle integrerast i feltkurset. SPL 2001 er eit emne som primært bygde på samfunnsgeografi/regionaløkonomi. Men å knyte feltkurset til SPL 2001 var ei løysing til å leve med, og den berga feltkurset frå avvikling.

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Dermed er kontinuiteten i den utoverretta verksemda no bære oppe av feltkurset. Første feltkurs – som då heitte «ekskursjon» var i 1996 (omtalt i kapittel 3), og i år 2000 kunne feltkurset feire sitt 25-årsjubileum, med Harstad og Bjarkøy som destinasjon – akkurat som 25 år tidlegare. Og akkurat i år 2000 er Jan Einar Reiersen tilbake i eit engasjement ved instituttet, og han kunne dermed vere med på gjennomføringa av dette feltkurset.

På 1990-talet og tidleg 2000-tal dekker feltkurset så godt som alle regionar i landsdelen – frå Ytre Helgeland til Indre Finnmark. I første del av perioden er feltkurset fortsatt felles for fleire samfunnsfaglege utdanningar, og det kan føre til store studentgrupper. Toppen blei nådd i 1995, då 60 studentar var med på feltkurset til Hammerfestregionen (Amundsen 2015). Og ettersom 1990-talet er Barentsregionen sitt tiår i nord, blir nedslagsområda for feltkurset utvida. Tornedalen i Sverige blir besøkt, det same gjeld Longyearbyen på Svalbard, og på tidleg 2000-tal går feltkurset til Russland, med fokus på storbyen Murmansk. Av dei faste lærarane var det særleg Halldis Valestrand og Ragnar Nilsen som stod for planlegging og gjennomføring – og som også la ned eit stort arbeid i ferdigstille rapportar frå feltkursa.

Men mens feltkurset held dampen oppe, butta det for Senter for kommunalforskning. Det som på 1980-talet starta og utvikla seg som eit nyskapande prosjekt for samarbeid mellom akademia og politikk/forvaltning, gjekk stadig tyngre tider i møte. Senteret var basert på eit samarbeid mellom to fagmiljø ved UiT, Troms Fylkeskommune, NORUT og Kommunenes Sentralforbund si avdeling Troms. Ein av partane, og kanskje den viktigaste, Kommunens Sentralforbund si avdeling i Troms, var misnøgd med samarbeidet, og til sist var det berre Troms Fylkeskommune som følte eit økonomisk ansvar. Eit møte med Universitetet sentralt gav ingen resultat, og i 2002 blei Senteret vedtatt lagd i «møllpose», og i praksis avvikla.

Bachelor, Master, Phd: Systemendring i akademia

Når studieordninga blei endra på tidleg 2000-tal, så fekk det ikkje store verknader for høgre grads studiar – eller for doktorgraden. Masterstudiet er som hovudfaget normert til fire semesters studium, og doktorgradsutdanninga er fortsatt basert på eit 3 eller 4 års-løp. Men på det som tidlegare var cand.mag.-nivået skjer det store endringar. Her hadde undervisninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning hatt eit omfang på 2 semester, av eit samla studieløp på 8 semester. Med den nye bachelor-

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

utdanninga, som går over 6 semester, vil undervisning i samfunnsplanlegging vere til stades i alle dei 6 semestera!

Det blir plass til eit innføringsemne på første semester, og studiet blir avslutta med ei bacheloroppgåve i sjetten semester. Dermed er «det tverrfaglege» for dei fleste studentane til stades kvart einaste semester gjennom bachelorstudiet (men det er opning for å ta emne utanfor programmet på 4. og 5. semester). Den nye ordninga gav opningar for å utvikle og opprette nye emne, som eit 10-poengs innføringsemne i «Plan, kultur, næring», og emna «Bærekraftige samfunn» og «Kommunikativ planlegging».

Men det å skulle rekruttere heilt ferske studentar inn til eit studium i «samfunnsplanlegging og kulturforståing» skulle vise seg vanskeleg. Faget har skifta namn, «Samfunnsplanlegging» er no ikkje lenger koplå til «lokalsamfunnsforskning» men til «kulturforståing» ved overgangen til Bachelor- og masterstudium. Dei første kulla med BA-studentar var faktisk mindre enn den studenttilgangen vi hadde oppnådd gjennom å tilby «storfag» på andre år i ein samfunnsfagleg cand.mag.-grad. I staben og i vårt studiemiljø er det ikkje tvil om fagets fortreftelegheit i møte med arbeidsliv og for å stille studentars kunnskapstørst, men: Det er ikkje mange 19-åringar som har høyrte om dette faget – eller om planlegging i det heile – gjennom undervisninga på vidaregåande skole. I skolen blir berre disiplinære samfunnsfag presenterte, og for å rekruttere til vårt nye BA-studium måtte fagpersonalet sette i verk eit eigne rekrutteringstiltak. Mange timar blei brukt på å designe brosjyrar, lage videonuttar, besøke vidaregåande skolar, ta i mot skoleklassar på campus – og gjennom å oppfordre mastergradstudentar til å ta for seg småsøsken og slektningar som var usikre på kva studium dei skulle satse på.

Doktorgradsutdanninga var i moderat ekspansjon på 1990-talet og tidleg 2000-tal. På heile 1980-talet blei det berre gjennomført to disputasar ved fagmiljøet (Aarsæther i 1986, Gulowsen i 1987). På 1990-talet blir det fleire, og doktorgradsløp knytt opp til prosjektmiljø viste seg å vere nyttig. I fagmiljøet var det fleire større prosjekt, på ressursforvaltning (Man & the Biosphere/MAB), på kommunalforskning (Borgarrolle-prosjektet) og på lokalutvikling i Nordområda (MOST/CCPP), alle desse danna rammer for doktorgradsarbeid. I 1998 er det tre disputasar, alle med utspring i MAB-miljøet: Geir Runar Karlsen, Einar Eythorsson og Johan Klemet Hætta Kalstad. Etter tusenårsskiftet disputerte Torill Nyseth i 2000, og Toril

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Ringholm i 2004, begge på kommunalforskningsfeltet. Anniken Førde disputerte i 2003, med ei avhandling om kreative kvinnepraksisar i nordnorsk og provencalsk jordbruk. Britt Kramvik disputerte i 2006 på avhandlinga «Finnmarksbilder» og Anne Kathrine Normann i 2007, på fiskeriforvaltning i Sør-Afrika og Mosambik.

På etter- og vidareutdanningsfeltet hadde fagmiljøet eit tett samarbeid med UVETT – UiT sitt dåverande kompetansesenter for etterutdanning, og med SAMPLAN - det nasjonale EVU-tilbodet med vidareutdanning i samfunnsplanlegging. Her oppnådde fagmiljøet eksamensansvar, noko som førte til ein fin vekst i oppnådde studiepoeng. På etter- og vidareutdanningsfeltet opererte universitetslektor Tor Arne Lillevold (ein av dei første hovudfagskandidatane) med eit langt på veg sjølvfinansierande pioneropplegg for «digital læring på arbeidsplassen» - der han aleine utdanna fleire hundre kommunetilsette.

Men planteorien var ikkje gløymt!

Fagmiljøet hadde ein omfattande og brei aktivitet på 1990-talet. Ressursforvaltning, kommunalforskning, lokal utviklingsforskning, kjønnsforskning, utviklingsforskning – alle desse områda hadde sine sterke utøvarar – men svært lite handla eigentleg om (samfunns)planlegging. Lærarane sine forskningsinteresser forplanta seg til studentane sine oppgåveval – og her blei plantema ein nokså sjeldan praksis. Men plandebatten var levande:

I 1992 kom læreboka *Samfunnsplanlegging – lokalt – nasjonalt – globalt*, redigert av Nils Aarsæther. 1992). Denne boka var del av eit nasjonalt lærebokprosjekt i regi av FUS – forum for utdanning i samfunnsplanlegging – som også omfatta boka *Fysisk planlegging – byer, tettsteder – spredtbygde områder* (Røsnes red. 1992). Gjennom dei to bøkene frå dette lærebokprosjektet blei skiljet mellom «samfunn» og «areal/fysisk» markert, eit skilje som heilt fram til 2008 karakteriserte -og mange vil i dag seie: hemma – utviklinga av norsk planlegging, praktisk som teoretisk. Læreboka i samfunnsplanlegging hadde 8 forfattarar, berre ein av dei frå Tromsø-miljøet, og sju av dei var menn. Begrep og teori frå samfunnsfaga prega planlitteraturen på 1990-talet, mens – grovt fortalt - den praktiske og systemiske sida ved planlegging blei overlata til arkitektar og ingeniørar, som om desse aktørane ikkje inngjekk i sosiale relasjonar, eller hørte til i oppfattinga av kva «samfunn» er.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

For å gi planteorien eit løft, inviterte fagmiljøet til eit internasjonalt planteoretisk seminar i 1993. Her deltok ingen ringare enn John Friedmann, den globalt sett leiande planteoretikaren, bl.a. kjent for det ruvande verket *Planning in the Public Domain*. Patsy Healey – leiande i «collaborative planning» var også med, og det var også Leonie Sandercock, som seinare skulle bli ein toneangivande planteoretikar i den post-modernistiske tradisjonen (Healey 1999, Sandercock 1997). Tungvektarar, altså. John Friedmann heldt sine forelesingar, solid planta i ein kritisk-rasjonalistisk tenkemåte, utan interesse for post-moderne argumentasjon, men med fokus på global byfattigdom og på opprør («insurgent planning») som radikal planmetodikk (Friedmann 2002: 67).

Og så kom Ottar Brox på banen igjen i plandebatten. I 1995 kom boka *Dit vi ikke vil* der han stiller heilt grunnleggande spørsmål ved planlegging som politisk praksis (Brox 1995). Brox tar eit oppgjær med den rasjonelle planmodellen, og argumenterer for ei styringsform som ikkje definerer mål og retning, men som identifiserer grunnleggande samfunnsproblem og prøver å løyse dei gjennom å vedta offensive tiltak (Ibid.: 103). Brox meiner at demokrati (kaste udugelege leiarar) og marknad (fjerne ineffektive bedrifter) er langt å foretrekke framfor ei proaktiv samfunnsstyring. Men dermed kan det hevdast at Brox stiller seg utanfor debatten om ulike planleggingsformer. På dette området er ideen om kommunikativ planlegging på offensiven. Patsy Healey er der, men først og fremst er inspirasjonen for det kommunikative å hente i John Forester's arbeid om «Planning in the Face of Power» (Forester 1989). Kunne vi invitere John Forester til Tromsø? Ja, korfor ikkje! Ved hjelp av Samplan-pengar og Samplan-leiar Susan Brockett lukkast det å hente Forester frå USA for å forelese om kommunikativ planlegging på ei Samplan-samling ved Universitetet i Tromsø, i 1997. Og i 2001 var Torill Nyseth på forskingsopphald i Berkeley, der ho følgde doktorgradsundervisninga til planteoretikaren Judith Innes; dette blei grunnlaget for utviklinga av emnet «Kommunikativ planlegging» som inngjekk i bachelorstudiet.

Fokus på by: Frå studiar av bydelsutval til Byutviklingens år

På 1990-tallet eksperimenterte enkelte storkommunar med territorielt organiserte bydelsråd. Oslo var først ute med si bydelsorganisering, men også Bergen og Stavanger ville prøve. Tromsø hadde også sitt forsøk med Oppvekstkontoret i Kroken (Nyseth 2000:308). Tematikken for Nyseth si doktoravhandling blei nettopp slike organisasjonsmodellar, med samanlik-

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

ning av ulike modellar for bydelsorganisering i Norge og Danmark. Utover på 1990-talet blei det eit stigande folkeleg engasjement om temaet byutvikling i Tromsø. Byen var i rask vekst, modernismen i arkitekturen hadde si storheitstid, og kompakt byutvikling blei det rådande paradigmet. Dette førte til at mange nye byutviklingsprosjekt blei realiserte med heilt andre volum, anna utforming og bygningshøgd enn det ein hadde sett tidlegare.

Det folkelege engasjementet vaks. I kronikken: *Hvem skal bestemme over byens offentlige rom?* etterlyste Nyseth (1999) ein breiare offentleg debatt om byutvikling blant anna med utgangspunkt i sentrumsplanen som var på høyring, og som la til rette for at Tromsø skulle vere ein «arkitekturfaglig eksperimentell sone». Planen var gjennomsyra av et arkitektursyn som kan samanfattast med begrepet *urbanisme*. Kronikken etterlyser også ein breiare offentleg debatt om alternative perspektiv på byutvikling. Kronikken hadde en viss innflytelse på etableringa av foreininga Tromsø byforum same år. Foreininga bestod av engasjerte akademikarar og andre interesserte. Den sette byutvikling på dagsorden og arrangerte ei rekke debattmøte om byutvikling ut over på 2000-talet. Tromsø byforum var også ein av arrangørane for eit folkemøte som førte til etableringa av Byutviklingens År (ByÅr) i 2005. Folkemøtet førte til at kommunen sette arbeidet med Sentrumsplanen på pause.

Byutviklingens år er det største medvirkningsprosjektet som har vært gjennomført i Tromsø. Over eit heilt år blei det gjennomført ei rekke arrangement som tok sikte på å opne byutvikling som fagfelt opp for nye perspektiv. Debattar, utstillingar, byvandringar, kronikkar, og vitskaplege artiklar sette preg på byen dette året. Akademiske resultat av Byutviklingens år ble 1 PhD avhandling (Kristiansen, 2011), 2 bokkapitel, samt 5 artiklar i anerkjende engelskspråklege, plantidsskrift som *Planning Theory*, *Planning Theory & Practice*, *Town Planning Review* og *European Urban and Regional Planning*. Byutviklingens år sette også behovet for et «Kystens hus» på dagsorden, noko som blei realisert nokre år seinare. Også den nye bydelen Vervet blei diskutert, og utbyggar blei utfordra på prosjektet si betydning for byen, og på behovet for å legge til rette for opne, offentlege debattar. Utbyggar introduserte derfor ein «open runde» som svar på denne utfordringa.

Bytematikk kom også inn gjennom et oppdrag frå Riksantikvaren som ville ha fagmiljøet til å studere godt fungerande bevaringsområde i eit lokalsamfunnsperspektiv. Dette resulterte i rapporten *Godt fungerende bevarings-*

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

områder (Nyseth og Sognnæs 2009) og ein artikkel i tidsskiftet *Cities: «Preservation of old towns in Norway»* (Nyseth og Songnnæs, 2012).

Eit anna aspekt ved urbaniseringa er den sterke veksten i den samiske befolkninga som busette seg i byar dei siste to ti-åra. Forskingsprosjektet «Bysamer og byen som ramme for utviklingen av en ny samisk kulturform i de Nordiske land», leia av Asle Høgmo, Paul Pedersen og Torill Nyseth satte søkelys på denne utviklinga og især på korleis samisk identitet blei reforhandla i ein bykontekst. Prosjektet resulterte blant anna i boka *City-Saami: Samer i byen eller bysamer* i 2015 (red. av Paul Pedersen og Torill Nyseth).

Byforskninga blei lagd merke til blant studentar både på bachelor- og masternivå. Det utfordra den rurale dominansen som frå starten av hadde prega dette fagmiljøet, men den urbane vendinga førte ikkje til spenningar og konflikhtar innetter i fagmiljøet. Den grunnleggande metodologien var den same, både for rurale og urbane studiar: Start med eit nedanfrå-perspektiv. Jobb tverrfagleg. Aktualiser resultatata, tål å stå i debatt og kritikk.

Refleksjoner over tverrfaglighet

Svein Jentoft, professor, samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning 1988 – 2003.

Etableringen av tverrfaglige faggrupper var ikke bare noe nytt, men også en viktig motivasjonsfaktor for oss som søkte til ved ISV/SV-fakultetet ved opprettelsen. Det var spennende å få være med på dette prosjektet. Vi var opptatt av at de problemer som gjør seg gjeldende i Nord-Norge ikke lar seg avgrense disiplinært. Slik er det også for de store utfordringene nasjonalt og globalt. Klimaendringer, matvaresikkerhet, ressursforvaltning og bærekraftig utvikling er blant dem. De lar seg selvsagt studere innenfor disiplinære rammer, men det blir utelukkende aspektstudier, der helheten mistes av syne.

Den opprinnelige ideen bak organiseringen av samfunnsvitenskapene ved Universitet i Tromsø er ikke blitt mindre aktuell, snarere tvert om. Jeg hadde intet problem med å finne meg til rette i planleggingsgruppa da jeg ble ansatt som professor der i 1988. Jeg likte også gruppas bestrebelse på å få landsdelen i tale, blant annet gjennom Høstseminaret. Tverrfaglighet krever at en lytter til folk med annen fagbakgrunn og prøver å integrere deres kunnskap i egen forskning. Transdisiplinaritet innebærer at en også låner øre til folk med praktisk erfaring, de som kjenner på kroppen og har gjort seg tanker om de problemer en som forsker vil studere (Se Chuenpagdee og Jentoft 2018).

Jeg har som fiskeriforsker hatt nytte og glede av å samarbeide tett med sosiologer, statsvitere, antropologer, økonomer, filosofer, og i de senere år også med biologer. Gjennom samarbeid på tvers av faggrenser har vi publisert ting sammen som vi ikke ville klart hver for oss. En opplever også å bli lest av andre enn bare folk innenfor samme disiplin som en selv. Jeg har for lengst lagt vekk bekymringene om faglig identitet, som jeg tror har vært en av årsakene til at det tverrfaglige prosjektet ved ISV/SV fakultetet ble lagt bort. Folk fikk problemer med å redegjøre for seg selv og andre hvem de var faglig. Det måtte alltid en forklaring til. Sier du at du er statsviter, sosiolog, eller antropolog, behøver du ikke

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

si mer. Folk vil da ha en ide om din fagbakgrunn. Sier du at du er en tverrfaglig forsker vil folk lure på hva det innebærer og hva du kan.

Samtidig er det grunn til å reflektere over tverrfaglighetens begrensninger. Den er ikke nødvendigvis svaret på alt. Vi trenger også spesialiseringen som disiplinene tilbyr. De som sverger til disiplinene, er ikke uten poenger. Professor Yngvar Løchen var en viktig person ved SV-fakultetet, og ved universitetet som rektor. Han var fra begynnelsen av hovedpersonen i sosialpolitikk-gruppa, der sosiologifaget fikk sitt hjem. Yngvar var en interessant samtalepartner og mentor for meg. Han var også en humorist, og spurte meg om jeg noen gang hadde hørt flyvertinna spørre om det er en tverrfaglig lege om bord.

SV-instituttet/fakultetets tverrfaglige opplegg var i sin begynnelse en dristig nyskapning som brøt med tradisjonene ved de andre norske universitetene. Noen har hevdet av det skyldtes at ressursene var for begrensede og at man var nødt til å samarbeide om undervisningen. Det kan nok være noe i det. Men ambisjonen om tverrfaglighet sprang særlig ut av ønsket om landsdelsrelevans, at universitet skulle gi bidrag til å løse landsdelens mange utfordringer som periferiregion. En kan føle sorg over at disiplinorienteringen fikk overtaket og glede over planleggingsgruppas tverrfaglige standhaftighet.

Kampen om tverrfagligheten på fakultetet var utmattende på mange måter. Tverrfagligheten hadde stor oppslutning i begynnelsen, men møtte etter hvert motstand i egne rekker. Jeg fikk den rett i ansiktet da jeg vendte tilbake etter år på NFH. Fiskerifagstudiet er jo en enda mer omfattende tverrfaglig konstruksjon, fordi det i tillegg til samfunnsvitenskapene, også inkluderer juss historie, teknologi- og naturfagene. Jeg må innrømme at jeg jeg som tverrfaglig entusiast en hadde en viss frihetsfølelse i hodet da jeg ble kallet tilbake til NFH i 2003. Det var nok diskusjoner om hvor stor plass disiplinkunnskapen skulle ha i fiskerifagstudiet, men tverrfagligheten var ikke i seg selv et kontroversielt tema - selv om den ikke alltid var like enkel å gjennomføre i praksis. Det kan synes paradoksalt, men det forekommer meg å være vanskeligere å få til tverrfaglig samarbeid mellom disipliner som står nært enn mellom de som står fjernt hverandre. Det er mindre

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

konkurransen og mer gjensidig respekt mellom fagene som er sterkt forskjellige fra hverandre.

Striden om tverrfagligheten på ISV/SV fakultetet ble for introvert. Blikket ble vendt innover i fagene og gjort til gjenstand for identitetspolitikk. Det førte til interne forhandlinger og konflikt, som ikke syntes å ta slutt, Et underliggende ønske om å tilhøre en disiplin var alltid elefanten i rommet. Blikket ble dermed ikke vendt utover i verden der sosiale problemer står i kø og der tverrfaglighet, og etter hvert transdisiplinaritet, har fått stadig kraftigere medvind. Vi skrev om dette i boka *I disiplinenes grenseland* i (Nyseth, Jentoft mfl. 2007).

Tverrfaglighet er nå moderne fordi det er en voksende erkjennelse av at vi trenger den for å gå løs på de store utfordringene i samfunnet. Det forekommer meg fortsatt som mer fornuftig og rasjonelt å organisere forskning og utdanning rundt sentrale samfunnsutfordringer enn å låse de inne i arkaiske og snevre disipliner. Derfor er det for meg et paradoks at ISV/SV-fakultetet, etter å ha skapt noe nytt og som nå er blitt moderne i forskningsverdenen, feigt valgte å gå i motsatt retning. Kan det være bærekraftig? Der ute er det nå disiplinene og ikke tverrfagligheten det stilles spørsmål ved.

Chuenpagdee, R. and Jentoft, S. (Eds.) (2018). *Transdisciplinarity for Sustainable Small-Scale Fisheries Governance: Analysis and Practice*. Dordrecht: Springer Science.

Tverrfagleg konsolidering, men sprikande fagmiljø?

Korleis utdanninga framstod i perioden 1990 til 2007 vil avhenge av observatøren sin ståstad. I dette kapitlet er det ei god blanding av fakta og drøftingar, og både fagkollegaer, institutt- og fakultetsansvarlege og studenter kan ha andre oppfatningar enn det som kjem til uttrykk her. Ikkje alle kollegaer har den entusiasmen og engasjementet for planlegging og planteori som forfattarane her gir uttrykk for. I miljøet er det forskarar og studenter som har andre faglege interesser: Ressursforvaltning i marine næringer, småbedriftsutvikling og fleksibel spesialisering, feminisme og likestilling (innenfor ved Universitetet og i Barentsregionen), det samiske samfunnet, utvikling og bistand i Sør, integrasjon av flyktningar og innvandrarar, og

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

«coping strategies» i Nordatlantiske lokalsamfunn – dette er nokre av dei tema som fagpersonalet – og studentar – ved utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning engasjerte seg i.

Men noko er felles, og det er engasjement for, og praktisering av, tverrfagleg samfunnsforskning. På fakultetsnivå har disiplinane (statsvitenskap, sosiologi, pedagogikk, sosialantropologi) har fått sin plass, den tverrfaglege undervisninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning/kulturforståing har også fått sin.

Det «gamle» utdanningssystemet, med storfag og hovudfag, gav rike opningar for å utfalde faglege og ikkje minst utoverretta aktivitetar. Det nye systemet stramma inn på det utoverretta, men gir kanskje betre muligheter for å trene studentar i tverrfagleg samfunnsvitenskap, gjennom eit meir «planfyldig» bachelorprogram.

Svært mange (186) studentar fullførte høgre grad i perioden, og mange av desse jobbar på det vi kan kalle eit strategisk nivå, ofte i jobbar prega av prosjektutvikling innan forskning, forvaltning og organisasjonsliv: Færre no i akademia, fleire i administrasjon – og no: Ikkje så heilt få i kommunal og regional planlegging.

Boka om tverrfagleg samfunnsforskning

Epoken 1990-2007 blir avslutta med boka *I disiplinenes grenseland*, lansert i juni 2007 på ein hagefest i Hagavegen 29, Tromsø, ved markeringa av Nils Aarsæther sin 60-årsdag. Boka er redigert av Torill Nyseth, Svein Jentoft, Anniken Førde og Jørgen Ole Bærenholdt, alle med tilknytning til IPL. Det er blitt ei bok med bidrag frå heile 22 forskarar, der alle skriv seg inn i det tverrfaglege prosjektet gjennom å bidra med teoretiske, meta-teoretiske, metodologiske eller empiriske perspektiv. I introduksjonskapitlet skriv Torill Nyseth at den viktigaste motivasjonen for tverrfagleg samarbeid er at vår tids raske, uoversiktlege og komplekse problem, eksemplifisert ved klimasisituasjonen, krev løysingar som den enkelte disiplin aleine ikkje kan bidra med (Nyseth 2007:15). Men dette er ei utsegn mange kan ytre, og det handlar ofte om retorikk. I boka er det føremålet å bevege seg bak og forbi retorikken, ved å «formidle substansiell innsikt om tverrfaglighet som teoretisk og metodologisk praksis» (ibid.).

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

I boka viser Nyseth korleis forholdet mellom disiplin-kunnskap og tverrfagleg kunnskap er framstilt av Michael Gibbons, som i 1994 redigerte boka *The new production of knowledge*. Her skiljar han mellom Modus 1 og Modus 2 i kunnskapsproduksjonen:

	Modus 1	Modus 2
Korleis foregår kunnskapsproduksjonen	Innanfor ein akademisk kontekst	Innanfor ein anvendt kontekst
Fagleg orientering	Disiplinær	Trans-disiplinær
Type kunnskap	Kunnskap for kunnskapens eiga skuld	Kunnskap for nytte og anvending
Organisasjon	Hierarkisk: Innanfor universitetets rammer	Heterarkisk ⁸ : Utanfor etablerte kunnskapsmonopol
Kvalitetskontroll	Kollegiale vurderingsformer	I tillegg: Vurdering av ekstern relevans og kostnadseffektivitet

Tabell 5.3 To former for kunnskapsproduksjon, iflg. Gibbons mfl. 1994. Kjelde: Gibbons et al. 1994, referert i Nyseth mfl. 2007:20

Her legg Gibbons vekt på at kunnskapsproduksjon i disiplinær er ein universitetsintern praksis, og dermed vil forsøka på å utvikle tverrfagleg/transfagleg kunnskapsproduksjon innafor academia nødvendigvis utløyse motreaksjonar, slik utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning opplevde på 1980-talet (sjå kap. 4). Ved å samanlikne kjenneteikn ved Modus 1 og Modus 2 er det lettare å forstå korfor fenomenet som Høstseminaret, Regionalseminaret og praksissemesteret oppstod og blei vidareført nettopp ved utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning, og ikkje ved disiplinéfaga ved fakultetet/storinstituttet. Så kan vi føye til eit poeng: I det anvendte feltet – samfunnet som omgir academia – kan det også vere dominans, enten av hierarkiske strukturar – eller av «heterarkisk» samarbeid. Tilstanden i lokal- og nasjonssamfunn kan variere, både over tid og mellom ulike system. At den tverrfaglege utdanninga i samfunnsplanlegging og lokalsamfunnsforskning/kulturforståing har overlevd, kan

⁸ Heterarki er eit organisasjonssystem der elementa i organisasjonen ikkje er rangert (Wikipedia, engelsk)

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

også sjåast i samanheng med at det nordnorske samfunnet, meir enn det sørnorske, er prega av eit egalitært, «heterarkisk» samfunnsliv.

Bodskapen i boka kan samanfattast i at det tverrfaglege «prosjektet» nærmar seg ei institusjonalisering, eller iallfall ei konsolidering. Samtidig vil det tverrfaglege, for å lukkast, innebere ein fleksibilitet og ei omstillingsevne som kan vere vanskeleg å institusjonalisere. Partnerar innafor og utanfor academia vil variere frå prosjekt til prosjekt, ofte avhengig av kva som skjer når ei gruppe begynner å jobbe med å finne ut av eit komplekst problem. Plutseleg er det ikkje antropologi som trengs, men hjelp frå statsvitskap - eller det kan vere omvendt. Det ligg i den tverrfaglege forskinga sin natur at vegen blir til undervegs.

Men bodskapen er også at mykje arbeid gjenstår når det gjeld utviklinga av tverrfagleg metodikk. Det kan vere verdt å løfte fram ei formulering som Ottar Brox avsluttar sitt kapittel med:

Heller enn å sende flere på feltarbeid i fiskevær og på fabrikk-trålere må det for forskingsmiljøer som arbeider med fiskerispørsmål, være en prioritert oppgave å finne ut hvordan kunnskap om fiske skapes, akkumuleres og destrueres i sentraladministrasjonen (Brox 2007:110).

Her kan ein bytte ut «fiske» med kva tema som helst, og kjenne på utfordringa. Og implisitt i denne utsegna er det grunnleggande fleksible ved den tverrfaglege arbeidsmetoden: Der du oppdagar manglar eller kunnskapsmessige *lakunar* (eit ord Brox stundom brukte), så vend merksemnda dit, og ta i bruk, set deg inn i, eller samarbeid med dei som beherskar, faglege reiskapar som kanskje gir meir enn dei som du finn innafor ditt eige spesialområde.

Litteratur

Amundsen, H. (2015). *Feltkurs – Regional analyse: Organisering, erfaring og oppfølging*. Notat, Studieprogram Samfunnsplanlegging og kulturforståelse, Universitet i Tromsø.

Brox, O. (1972) *Økologisk og regional balanse* i *PAG-Artikkelsamling* nr 1, s. 35-51.

Tverrfagleg konsolidering, byutvikling kjem i fokus

Brox, O. (1995). *Dit vi ikke vil. Ikke-utopisk planlegging for neste århundre*. Oslo: Exil.

Brox, O. (2007). *Anvendelig forskning: Flerfaglig kartlegging av utilsiktede konsekvenser*, i Nyseth mfl. red. *I disiplinenes grenseland. Tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 101-112.

Bærenholdt, J. O. & Aarsæther, N. red. (2001). *Transforming the Local. Coping Strategies and Regional Policies*. Nord 2001:25. Copenhagen: The Nordic Council of Ministers.

Forester, J. (1989). *Planning in the face of Power*. Berkeley: University of California Press.

Friedmann, J. (1987). *Planning in the Public Domain. From Knowledge to Action*. Princeton: Princeton University Press.

Friedmann, J. (2002). *The Prospect of Cities*. Minneapolis: University of Minnesota Press.

Gibbons, M. red. (1994). *The new production of knowledge: the dynamics of science and research in contemporary societies*. Thousand Oaks, California: Sage.

Healey, P. (1997). *Collaborative Planning. Shaping Places in Fragmented Societies*. London: MacMillan.

Jentoft, S. (2001). *Røtter og vinger – kystkulturen i globalsamfunnet*. Stam-sund: Orkana forlag

Jentoft, S. og Mikalsen, K. (2001). *Lastet til ripa. Fiskernes rettsstilling i ressursforvaltningen*. Trondheim: Tapir forlag).

Kielland, I. M. & Nilsen, T. (2012). *Stedet rundt på tre dager. Hva kan man lære om stedsforskning gjennom feltkurs?*, i Førde, A., Kramvik, B., Berg, N. G. & Dale, B. red. *Å finne sted. Metodologiske perspektiver i stedsanalyser*. Trondheim: Akademika forlag., s. 193-204.

Nyseth, T. (1999). *Hvem skal bestemme over byens offentlige rom?* Kronikk i bladet Nordlys, 13.10.

Nils Aarsæther og, Torill Nyseth, med bidrag fra Svein Jentoft

Nyseth, T. (2000). *Moderne nærvedemokrati. En komparativ studie av lokalutvalg i Norge og Danmark*. Dr.polit.-avhandling, Det Samfunnsvitenskapelige Fakultet, Unversitetet i Tromsø,

Nyseth, T. og Bjørnå, H. (2007). *Kampen om byrommet. Kulturminnevern som politikkfelt*. Artikkel i *Norsk statsvitenskapelig tidsskrift*, vol 4, 396-415.

Nyseth, T., Jentoft, S., Førde, A. & Bærenholdt, J. O. (2007). *I disiplinenes grenseland. Tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget.

Nyseth, T. (2007). *Introduksjon*, i Nyseth, T., Jentoft, S., Førde, A. & Bærenholdt, J. O. (2007). *I disiplinenes grenseland. Tverrfaglighet i teori og praksis*. Bergen: Fagbokforlaget, s. 15-31.

Pedersen, P. & Nyseth, T. (2015). *City-Saami – Same i byen eller bysame? Skandinaviske byer i et samisk perspektiv*. Karasjok: Calliid Lagadus Forfatternes Forlag.

Røsnes, A. red. (1992). *Fysisk planlegging. Byer – tettsteder – spredtbygde områder*. Oslo: Kommuneforlaget.

Sandercock, L. (1997). *Towards Cosmopolis: Planning for Multicultural Cities*. New York: Wiley.

Aarsæther, N. & Nyseth, T. (2011). *Liv laga? Stedsutvikling og stedsstrategier i nord*, i Jentoft, S., Nergård, J.I. & Røvik, K. A. red. *Hvor går Nord-Norge? Tidsbilder fra en landsdel i forandring*. Stamsund: Orkana Akademisk, s. 55-66.

Aarsæther, N. red. (1992). *Samfunnsplanlegging - lokalt, nasjonalt, globalt*. Oslo: Kommuneforlaget.

Aarsæther, N. & Hagen, A. red. (2001). *planlegging.no! Innføring i samfunnsplanlegging*. Oslo: Kommuneforlaget.

Aarsæther, N. & Bærenholdt, J. O. red. (2001). *The reflexive North*. Nord 2001:10. Copenhagen: The Nordic Council of Ministers.

Aarsæther, N. (2022). *Kommune-Norden*. I Frønes, I. & Kjølørød, L. red. *Det norske samfunn*. 8. Utgave, bind 1, s. 142-16

